Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Miljøvernavdelinga

Sakshandsamar:Grete Haugan

Inspeksjonsrapport

Saksnummer: 08/ 4939

Informasjon om verksemda

Namn: Nortura Sogndal	Dato for inspeksjonen: 26.11.2008
Adresse: Granden 8, 6856 Sogndal	Telefon: 57627000
Besøksadresse:	Organisasjonsnr.: 973118897
Kommune/kommunenr.: Sogndal/1420	Bransjenr. (NACE-kode): 15.130

Tilstades under kontrollen

Frå verksemda: Torgeir Flikki Kjell Magne Lerum Per Steinar Sviggum	Frå Fylkesmannen: Torunn Gauteplass Hønsi Grete Haugan

Hovudtema for kontrollen:
Kontrollen omfatta tema innan utslepp til luft og vatn, støy, kjemikalie- og avfallshandtering og drift/vedlikehald av prosessar og utstyr.

Resultat frå kontrollen:
Rapporten omtalar avvik som vart konstatert, og merknader som vart gjevne under kontrollen. Definisjon av avvik og merknader er gjeve på side 2.

Fylkesmannen avdekka 3 avvik og gav 2 merknad under kontrollen.

Oppfølging etter kontrollen:

Fylkesmannen pålegg verksemda å gje ei skriftleg tilbakemelding som gjer greie for dei tiltaka som er gjennomførte og eventuell tidsplan for ytterlegare tiltak for å rette opp avvik. Verksemda blir bedt om å kommentere dei tilhøva som er omtalt som merknader.

Frist for skriftleg tilbakemelding er: 15.02.2009

Pålegget om skriftleg tilbakemelding er gjeve med heimel i forureiningslova § 49. Vedtaket kan påklagast innan 3 dagar etter at pålegget er motteke, jf. forvaltningslova § 14. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast Fylkesmannen.

Stad: Leikanger Dato: 10.12.2008 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Definisjon på avvik og merknader

Avvik: Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga, t.d. brot på krav i ureiningslova, produktkontrollova, forskrifter med heimel i desse to lovene, eller krav og vilkår fastsett i utsleppsløyve eller dispensasjonar.

Merknader: eit tilhøve som tilsynsetatane finn naudsynt å påpeike på for å ivareta helse, miljø og sikkerheit og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Informasjon om vedtak om tvangsmulkt
Dersom Fylkesmannen ikkje har motteke den skriftlege tilbakemeldinga innan fristen, kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt blir gjeve med heimel i forureiningslova § 73 og/eller produktkontrollova § 13. Ei eventuell tvangsmulkt kan fastsetjast som eit eingongsgebyr eller eit løpande dagsgebyr som gjeld så lenge tilbakemeldinga ikkje er motteke.

Resultat av kontrollen:

Avvik

Avvik 1: Verksemda manglar dokumentasjon på at det er gjort kartleggingar og tiltak når det gjeld PCB i lysarmaturar og isolerglasruter

Avvik frå: Produktforskrifta § 3-1

Kommentar:
Det er no forbod mot bruk av PCB-haldige kondensatorar i innandørs og utandørs lysrørarmatur og i utandørs damplampearmatur. Denne typen armatur kan vere produsert i perioden 1960–1980. Nortura Sogndal har skifta ut det meste av gamal armatur, men kan ikkje vise til at det er gjort noko systematisk gjennomgang. Det er difor usikkert om det framleis kan vere nokre få PCB-haldige armaturar i bruk på anlegget. Desse må eventuelt skiftast ut straks.

Isolerglasruter frå perioden 1965 – 1975 kan innehalde PCB i fugemassen mellom rutene. Det er krav om at slike ruter skal merkast for å sikre at dei vert handtert som farleg avfall når dei skal skiftast ut. Verksemda trur ikkje det er isolerglas frå perioden 1965 – 75 i bygga, men dette er ikkje kartlagt.

PCB vart og nytta i murpuss, murmaling og fugemasse fram til 1980. I og med at delar av bygningsmassen er frå den aktuelle periode, er det viktig å vere merksam på dette ved riving eller ombygging. Rutinar for dette bør vere ein del av internkontrollen.

Avvik 2: Bedrifta har ikkje rutinar for tilsyn og vedlikehald av dieseltankane

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5

Kommentar:
Nortura Sogndal har to dieseltankar på kaien. Det var ikkje kjent når tankane sist hadde vore kontrollert, og bedrifta har ikkje faste rutinar for tilsyn/vedlikehald av dieseltankane. Rundt tankane er det ein låg mur som skal hindre at søl renn til sjøen. Innafor denne muren er det og plassert ein spilloljetank. Det var mykje søl av spillolje rundt denne tanken. Det er ikkje tak over oppsamlingsarealet, slik at regnvatn vil samlast opp her.

Det må gjerast ei vurdering av risikoen for ureining knytt til desse tankane og sikringa rundt. På bakgrunn av risikovurderinga må det vurderast om det bør gjerast tiltak, og det må utarbeidast rutinar for tilsyn/vedlikehald av dieseltankane som ein del av bedrifta sin internkontroll.

Vi gjer merksam på at oppbevaring av brannfarleg væske i stasjonære lagertankar også vert regulert av anna regelverk.

Avvik 3: Verksemda leverer ikkje tomme sprayboksar som farleg avfall

Avvik frå: Avfallsforskrifta kap. 11

Kommentar:
Nortura Sogndal har avtale med Franzefoss om henting av farleg avfall, og det farlege avfallet vert henta om lag fire gonger i året. Verksemda har ein del sprayboksar på verkstaden, men har ikkje vore klar over at alle sprayboksar, sjølv om dei er tomme, er farleg avfall. Tomme sprayboksar må difor deklarerast og leverast til godkjent mottakar eller innsamlar av farleg avfall.

Merknader

Merknad 1: Bedrifta må vurdere tiltak mot utslepp frå røykomnane

Nortura Sogndal har fleire røykomnar for røyking av spekepølse. Røyk vert sleppt ut via ventilasjonsanlegget når røykomnane vert opna. Utsleppet går rett over tak. Ved spesielle ver - tilhøve fører dette til mykje røyk i nabolaget, og naboar har teke opp dette som eit problem.

Denne type utslepp er i dag ikkje spesielt regulert i bedrifta sitt utsleppsløyve. Bedrifta skal likevel ha som mål å redusere sine utslepp så mykje som mogleg. Bedrifta må difor ha eit fokus på dette, og vurdere tiltak for å redusere utsleppa eller gjere andre tiltak som kan redusere plagene for naboane.

Merknad 2: Bedrifta må vurdere metodikken for prøvetaking av avløpsvatn

Nortura Sogndal tek prøver av avløpsvatnet fire gongar i året, og det vert teke ut prøve over tre døgn kvar gong. Ein gitt mengde vatn vert teke ut kvar time, uavhengig av vassforbruket ved anlegget. Bedrifta må vurdere om det er mogleg å få til ei mengdeproporsjonal prøvetaking, og om dette gir eit meir korrekt bilete av utsleppsmengdene frå verksemda.

Andre forhold

Internkontroll
Nortura har eit integrert internkontroll og kvalitetssystem for heile konsernet. Internkontroll var ikkje eit sentralt tema under inspeksjonen, men litt av det elektroniske systemet vart presentert. Det er mellom anna utarbeidd rutinar for prøvetaking og oppfølging av utslepp til vatn, og dette vert også følgt opp frå Nortura sentralt. Avvikssystemet synast å vere lite brukt for avvik som gjeld ytre miljø.

Substitusjon
Norturakonsernet har konsernavtale for innkjøp av kjemikaliar. Eit sentralt kjemikalieutval vurderer bruk og utbytting av kjemikaliar i høve til substitusjonsplikta. Stoffkartotek og HMS-datablad er samla i ein database. Fleire stoff på Obs-lista er no skifta ut. Dette er bra.